



Føresette i dei kommunale barnehagane i Klepp

Saksnr
18/1613-330

Løpenr
1524/19

Arkivkode
A10

Avd/Sek/Saksh
OPP/OPP/KRA4

Dykkar ref

FORELDREBETALING BARNEHAGANE FRÅ 1. JANUAR 2019

	40 % - 2 dagar	60 % - 3 dagar	80% - 4 dagar	100 % - 5 dagar
Opphald	Kr. 1.829	Kr. 2.322	Kr. 2.812	Kr. 3.289
Matpengar	Kr. 128	Kr. 192	Kr. 256	Kr. 320

Makspris fastsett av Stortinget, er kr. 32.890 pr. år. Dette er i Klepp kommune fordelt på betaling i 10 månader, slik at juli og august vert betalingsfrie månader.

MODERASJONSORDNING

For alle

Regjeringa vedtok 17. april 2015 at ingen skal betala meir enn 6 % av husstanden si samla personlege inntekt for barnehageplass. Makspris, kr 32.890 pr. år, er nå beløpet som vert lagt til grunn, slik at den nye ordninga gjeld dei med ei samla personleg inntekt under **kr 548 167**.

For sysken:

Dersom du har meir enn eitt barn i barnehage i same kommune, skal du ha reduksjon i foreldrebetalinga. Dette gjeld sjølv om barna går i ulike barnehagar. Reduksjonen for det andre barnet er 30 prosent, og for det tredje barnet og oppover er det 50 prosent reduksjon i foreldrebetalinga.

For 3, 4 og 5 åringar

Barn født i 2013, 2014, 2015 og barn med utsett skulestart har rett til 20 timar gratis opphald i barnehage pr. veke.

Dette gjeld for familiar/ hushaldningar som har ei samla inntekt på mindre enn **kr. 533 500**.

Korleis får du lågare foreldrebetaling:

For å få innvilga redusert foreldrebetaling for barnehageåret 2018/2019 må det sendast inn søknad om redusert foreldrebetaling. Skjema finn du på Klepp kommune si heimeside.

Dokumentasjon:

Skattemelding for 2017 må sendast inn som dokumentasjon på inntekt.

For næringsdrivande må utskrift av likning leggast ved søknad som dokumentasjon.



Søknadsfrist 2018/2019

Dersom det vert levert krav om redusert foreldrebetaling i løpet av barnehageåret, vil ein som hovudregel kun få redusert foreldrebetaling for etterfølgande månader.

Klepp kommune, 15.01.2019

Anne-Jorunn Bjørkum Leigvold
barnehagesjef

Kate Eiken Ravndal
saksbehandlar

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.

Kopi til:
Kommunale barnehagane i Klepp